

# Styremøte i Sotra Volleyballklubb



**Tid:** Måndag 01.11.2021 kl. 18:00-19:30

**Stad:** Bildøyhallen - klasserommet

---

## Saker:

- 1/5** Innkalling
- 2/5** Saksliste
- 3/5** Referat frå møta 20/09 og 04/10
- 4/5** Orienteringar
- 5/5** Helgevakt i Bildøyhallen
- 6/5** Verving av nye støtte-medlemer
- 7/5** Finansiering av JU17 volleyballcup i Stavanger
- 8/5** Finansiering av reiser 1. divisjonslaget har til bortekampar hausten 2021
- 9/5** "Administrative oppgåver i forbindelse med seriespill i lavere divisjoner"
- 10/5** Namn på spelarar på aldersbestemte lag og seniorlag
- 11/5** Sekretariat for 2. divisjon damer og 1. divisjon herrer
- 12/5** Ymse

## 13/5 Tid for neste møte

---

### **Orientering om sakene:**

#### **1/5 Innkalling**

*Vedtak: Innkallinga vart godkjent.*

#### **2/5 Saksliste**

*Vedtak: Sakslista vart godkjent.*

#### **3/5 Referat frå møta 20/09 og 04/10**

*Vedtak: Referata vart godkjende.*

#### **4/5 Orienteringar**

- 1)** Seriespel har starta på seniornivå.  
Damelaget 2. divisjon har spelt fleire kampar.  
Herrelaget 1. divisjon har spelt 1 seriekamp og 16. delsfinale i cupen mot Studentspretten i Sogndal.
- 2)** Sotra VBK har arrangert cup-turnering for JU17 og GU17 i Spildahallen 25. september.
- 3)** 1. divisjonslaget har hatt treningskamp mot Viking GU17 og 1. divisjonslaget til BTSI.
- 4)** Sotra VBK har arrangert open hall i Bildøyhallen søndag 24. oktober  
Ventar på vurdering av tiltaket.
- 5)** Oversikt på turneringstider. Vert lagt fram på møtet.

*Vedtak: Orienteringane vart godkjende.*

**5/5** Helgevakt i Bildøyhallen

Mikael skal i møte med Hans Jarle Einarsen der agendaen er å fordela helgevaktene i Bildøyhallen ut året 2021.

*Vedtak: Mikael Tangen har avtale om møte med Hans Jarle Einarsen i veke 45.*

**6/5** Verving av nye støtte-medlemer

Dette har vore diskutert i styremøtet måndag 20. september 2021. Dette bør følgjast opp.

Korleis gjera det enkelt?

Kven tek ansvar?

*Vedtak: Verving av nye medlemmer vart diskutert. Går bort frå begrepet støtte-medlemmer. Jens sender ei orientering om korleis Spond kan brukast i dette arbeidet. Saka må takast oppatt på neste møte.*

**7/5** Finansiering av JU17 volleyballcup i Stavanger

Sotra VBK har fått sponsorstøtte på kr 8000,- frå Brødrene Ulveseth.

Frå tidlegare har klubben fått eit beløp av kommunen til støtte for deltaking i NM for aldersbestemte lag.

Resten vert betalt av klubben sin konto.

Foreldrekontakt og trenar får dekkja sine utgifter til overnatting, mat og bilgodtgjering.

Klubben betaler 4 kr per kilometer i kjøregodtgjering, i tillegg kjem bompengar og ferjebilettar.

Spelarane ordnar med mat etter kampslutt sjølv.

*Vedtak: Styret godkjenner finansieringa av JU17 volleyballcup i Stavanger 5.-7. november 2021.*

**8/5** Finansiering av reiser 1. divisjonslaget har til bortekampar hausten 2021

Sotra VBK betaler 4 kr per kilometer i kjøregodtgjering. I tillegg kjem bompengar og ferjebiletta.

Spelarane ordnar seg med mat sjølv.

I haust vert det ein bortekamp mot NTNUI i Trondheim.

Flyturen med leigebil i Trondheim kostar ca. 12000 kr.

Spelarane ordnar matutgiftene sjølv.

Bortekampar våren 2022.

Finansieringa til desse kampane gjennomgår vi på neste styremøte.

Det vert nytta flyreiser til Tromsø og Oslo (3 turar).

I mars 2022 vert det truleg arrangert NM for aldersbestemte lag.

Det vert ein del utgifter for klubben om vi har lag som kvalifiserer seg til å delta.

*Styret godkjenner finansieringa av reiser 1. divisjonslaget har til bortekampar hausten 2021.*

**9/5** “Administrative oppgåver i forbindelse med seriespill i lavere divisjoner“

Det er ein del opplysningar kretsen ønskjer: lagleiarar og klubbdommarar.

*Vedtak: Senda inn til regionen om Milena Radulovic som dommar.*

**10/5** Namn på spelarar på aldersbestemte lag og seniorlag

Klubben ønskjer ei oversikt på kven som spelar på dei ulike laga.

*Vedtak: Styret ønskjer namna på spelarane på dei ulike laga. Denne lista må trenarane laga og senda til styret.*

**11/5** Sekretariat for 2. divisjon damer og 1. divisjon herrer

Til damekampane må herrelaget stilla med to personar i sekretariatet (skjema og tavle) og kanskje med dommar. Namn på kven som gjer desse oppgåvene bør vera på plass.

Til herrekampane stiller damelaget med to personar i sekretariatet (skjema, e-scoresheet og tavle) og ein som kan føra statistikk (datavolley).

Herrelaget ordnar med streaming av kampane og kommentatorar.

Det bør også vera ein som presenterer laga. Det bør også vera tre balltrillarar og to mopparar.

*Vedtak: Renate sender melding til spelarane på herrelaga om når ho har behov til ulike oppgåver i høve heimekampane til damelaget. Spelarane kan få tilsendt aktuelle datoar for kamp og melda seg på der det høver best.*

*Herrekampane: Renate må vera i kontakt med Nils Ivar for å få kjennskap til kva kompetanse som må vera på plass til 1. divisjonslaget sine kampar - Dette er på plass. Milena tek seg av føring av E-scoresheet. Lena Halvorsen tek seg av Datavolley. Datamaskinene vert utlevert måndag 08.11 i Bildøyhallen. Peter Ingebrigtsen kommenterer kampane og presenterer laga. Lars Åsmund, Sigurd og Magne Mikael ordner med streaming. Nyttar Mikael sitt apparat. Renate skaffar tre balltrillarar og to mopparar.*

**12/5** Ymse

**13/5** Tid for neste møte

Mvh.

Mikael Tangen

Styreleiar Sotra VBK